PM

Bø o – lag ønskjer velkomen til kretsløp på Folkestadåsane sundag 14. mai.

START OG MÅL: Det er ein startplass. Det er ca. 900 meter til start retning nordover frå Telemarkshallen. Merkinga startar frå sørsida av hallen. Rekn med 10 - 15 minutt å gå.

TIDTAKING: Det er fri starttid i dei opne klassane, andre klassar har oppsette startlister. Opprop 3 min før tidsstart. Lause postbeskrivingar og backup-lappar finst ved start. Første start er klokka 11:00, løparar i N-open kan starte frå klokka 10:30.

TOALETT: Det er toalett i hallen, ta av o-sko før du går inn. Det er ikkje toalett ved start.

TERRENG: Terrenget er for det meste open skog med ein del svaberg og opne myrer. Store område er flate og lettsprungne, men det er også ein del høg lyng.

PREMIERING: Til alle i klassar opp til og med 12 år. 1/3 premiering i klassane 13-16 år. Til vinnarane i dei andre klassane. Ingen premiar i dei opne klassane.

FØREHANDSUTDELING AV KART: D/H17-N, D/H13-16N, D/H11-12N, D/H-10, N-open og D/H11-12 får utdelt kart på løpskontoret. Hugs å ta med kartet til start.

LØYPER OG KLASSAR

Klassar	Lengde	Nivå	Løypenr.	Antal postar
H17-	7.0 km	A	1	22
H15-16, D/H40-, H50-, D17-, Open lang	5,3 km	A	2	14
D15-16, D 50-, H60-, Open mellom	3.7 km	A	3	14
D60-, D/H70-, D/H80-, Open kort	2,8 km	A	4	13
D/H13-14, D/H15-16B, D/H17-B	3,0 km	B	5	14
D/H13-16C, D/H11-12, D/H17-C	2.4 km	C	6	11
D/H17-N, D/H13-16N, D/H11-12N, D/H-10, N-open	1.7 km	N	7	10

NB! Det er merka med band frå 3. – 5. post i N-løypa(1,7 km).

KART

Folkestadåsane, revidert 2017.
H15-16, D/H40-, H17-, D17- og Open lang har målestokk 1:10 000.
Dei andre klassane har målestokk 1 : 7 500. Ekvidistanse 5 meter for alle klassar.
Løpskarta er trykte på vannfast papir, unntatt i H50- der kartet er trykt på vanleg papir i A3 og lagt i plastlomme.

Bø o-lag ønskjer dykk ein fin tur i skogen på Folkestadåsane.